

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 26. - 27. mars 2026
Stad: Golsfjellet fjellstue, Gol kommune

Desse møtte frå Regionrådet:

Jørund Li	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sigrid Simensen Ilsøy	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Merete Gandrud	Flå kommun

Desse møtte frå KRU:

Karsten Dideriksen	Ål kommune
Bente Rudrud Herdlevær	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Bjarte Reve	Hemsedal kommune

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Maria Grevsgård, regionalutviklar
Guro Flatland Veslehaug, klimakoordinator

Forfall:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
------------------	-------------

SAK 18/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 26. JANUAR 2026**Vedtak:**

Protokollen frå møte 26. januar 2026 er godkjent.

SAK 19/26 REGIONALT SAMARBEID I HALLINGDAL

Regionrådet hadde ein god gjennomgang på det regionale administrative samarbeidet, det regionale politiske samarbeidet og samanhengen mellom desse. Det er eit ynskje om å styrke dette og det vart drøfta kva ein kan gjere for å få dette til.

Administrativt perspektiv

Det er brei semje om at KRU fungerer godt og blir opplevd som ein viktig fagleg møteplass og eit relasjonelt «*vannhull*». Samarbeidet krev likevel at kommunane må tole meir – både ulikskap i økonomi og ulike føresetnader. Dette reiser spørsmål om korleis ein bygger kultur for å tole friksjon og handtere ulikskap konstruktivt og om Regionrådet kan bli flinkare til å avlaste kommunane, særleg administrativt. Det vart og peika på at ikkje alle kommunar må vere med på «alt» og at om nokon opplever å stå utanfor, kan me bli flinkare til å inkludere og til å bruke av regionale arenaer.

Leiarsamlinga i haust vart vurdert som svært vellukka, og fleire tok til orde for å gjenta samlinga i 2026. Det vart også reist spørsmål om:

- Om ein er gode nok til å spele kvarandre gode fagleg
- Om politisk nivå i større grad bør slepp KRU inn i debattar
- Om forankring er god nok, og om ein bør jobbe meir med rolleforståing, inkludert det å «besøke» kvarandre sine roller

Politisk perspektiv

Regionrådet fungerer godt og er ein viktig fagleg møteplass og «*vannhull*». Samarbeidet krev likevel at kommunane må tole meir - både ulikskap i økonomi og ulike føresetnader. Derfor er det viktig at ein bygger kultur for å tole friksjon og handtere ulikskap konstruktivt. Det vart også drøfta at det regionale samarbeidet ikkje berre skal skape nye tenester, men også tenester som reelt avlastar kommunane i deira kvardag.

Det kom også opp drøftingar om korleis administrasjonen i Regionrådet kan hjelpe kommunane, særleg administrativt. Det vart og peika på at ikkje alle kommunar må vere med på «alt» og at om nokon opplever å stå utanfor, kan me bli flinkare til å inkludere og til å bruke av regionale arenaer.

Leiarsamlinga i haust vart vurdert som svært vellukka, og det er eit sterkt ynskje om å arrangere ei ny samling i 2026.

Me lyfta også fram behovet for eit klarare samspel mellom politisk og administrativt leiarskap og me snakka om kven som avgjer kva ein skal og ikkje skal samarbeide om regionalt? Forankring vart peikt ut som ein hovudutfordring og drøftinga viste at forankring skjer ulikt i kommunane og at det er uklårt korleis saker frå regionrådet best skal kommuniserast og takast vidare lokalt. Regionalt samarbeid krev både vilje og tydeleg retning. Det vart understreka at både regionplanen og arbeidet i regionrådet må forankrast betre i kommunane og kva roller me har i dette.

Felles refleksjonar og vidare retning

Det vart reist eit spørsmål om ein i Regionrådet skal vere tett på kommunekvardagen, eller om ein skal løfte seg opp i «helikopterperspektiv» og jobbe meir strategisk

Eit gjennomgåande poeng var at det regionale samarbeidet må både avlaste men og gi meirverdi. Dette leier til sentrale spørsmål vidare:

- Kva må gjerast regionalt?
- Kvar kan kommunane samarbeide for å spare pengar, effektivisere og styrke kvaliteten?
- Kva samarbeid gir faktisk meirverdi – og kva gjer det ikkje?

SAK 20/26 GJENNOMGANG AV HANDLINGSPLANEN TIL REGIONPLAN FOR HALLINGDAL

Vedtak:

Regionrådet lyfter saka inn i Hallingtingets møte i april for gjennomgang

SAK 21/26 HØYRINGSUTTALE TIL BUSKERUDPLANEN

Regionrådet gjekk gjennom og drøfta saka. Det kom nokre tillegg og justeringar som vart teke inn i uttala. Sjå vedlegg.

Vedtak:

Regionrådet sender inn høyringssvar på vegne av dei kommunane som sluttar seg til uttala, med dei justeringane som kom fram i møte.

SAK 22/26 REKNESKAP 2025

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å godkjenne rekneskapen til Regionrådet for Hallingdal for 2025 og at meirforbruket på kr. 388 144,00 blir dekkja av disposisjonsfondet.

SAK 23/26 ÅRSMELDING 2025

Vedtak:

Regionrådet rår Hallingtinget til å godkjenne årsmeldinga for 2025.

SAK 24/25 EVENTUELT

Hallinghelse

Flå tok opp behovet for å drøfte ambisjonen og utviklinga av samarbeidet med Hallinghelse. Regionrådet vart einige om å invitere Hallinghelse til eit av møtene i Regionrådsmøte for å både få informasjon og å drøfte vegen vidare.

Saker til Hallingting

Informasjon om IMA og HSS med omvising

Innspel til samferdselssaker av Buskerud Fylkeskommune

Innlegg ved leiar av Samferdselsutvalet for Hallingdal og ny strategisk rådgjevar for Forum nye Bergensbanen

Gjennomgang og ev justering av handlingsprogrammet til Regionplan, sjå sak 20

Rekneskap

Årsmelding

Eigarstrategi Vidju

Eigarstrategi vart drøfta. I stort er det gjort eit godt arbeid og strategiens fleirtal av punkter er gjennomdiskutert. Det er likevel behov for å vurdere fleire alternativ om korleis ein skal forvalte eit eventuelt overskot. Regionrådet sett opp eigarstrategien som drøftings sak.

IMA

Regionrådet drøfta IMA-samarbeidet. Det er behov for å kommunisere og å informere kva Hallingdal Sjukestugu er i si fulle breidde, samtidig som det er eit ynskje om å utvikle tilbodet. Det vart skissert behov for ein tydeleg kommunikasjonsstrategi og ein prosess for vidareutvikling. Det er også eit behov for å orientere reisten av Hallingdal om den økonomiske modellen og korleis me kan utvikle den. Regionrådet legg til rette for at Hallingtinget besøker HSS i april møtet og at det blir sett opp som ein del av dagsorden.

Hallingdal, 12. mars 2026

for rådsordførar

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg: høyrings svar Buskerudplanen

BUSKERUDPLANEN – MED HJERTE FOR BUSKERUD

Høyringsvar frå Regionrådet for Hallingdal

1. NATUR OG KLIMATILPASNING

Buskerudplanen er ein god plan og eit solid og omfattande dokument som tek for seg mange sentrale utviklingsområde. Samstundes meiner Regionrådet at den kunne vorte endå betre om klima-, miljø- og energiperspektiva hadde kome tydelegare og meir eksplisitt fram gjennom heile planen.

- Sjølv om tema som naturtap, klimarisiko, arealforvaltning og miljøvennleg mobilitet omtalt, framstår desse punkta som spreidde enkeltmoment, og ikkje som ein samla og tydeleg klima- og miljøambisjon for Buskerud. For å styrke planen meiner me at følgande bør vurderast:
- Klima, miljø og energi bør løftast fram som eit tydeleg tema forankra i Statlege planretningslinjer (SPR) for klima og energi
- Klimamål, indikatorar og forventningar bør koplast klarare til tiltaka
- Areal- og mobilitetspolitikken bør forankrast tydelegare i SPR Areal og mobilitet. Arealvern med klare føringar for: handtering av naturverdiar, vern av dyrka mark, langsiktig arealdisponering, vassdrag, grønstruktur, samt fjell og skogsområde.
- Legg inn regional planretningslinje om jordvern, slik gjeldande areal- og transportplan har.
- Utfordringar knytt til klima, natur og energi bør følgjast av konkrete tiltak-ikkje berre intensjonar.
- Fylkeskommunen si rolle som regional pådrivar må synleggjerast, inkludert korleis Buskerud skal bidra til nasjonale mål for utsleppskutt, energiomstilling og klimatilpassing.
- Samanhengen mellom arealbruk, transport, energi og utslepp bør klargjerast.

2. MEIR INNANFORSKAP

Regionrådet i Hallingdal støttar Buskerudplanen si satsing på innanforskap. Distrikta treng målretta og heilskaplege tiltak som styrker innanforskap og reduserer utanforskap. For Hallingdal handlar dette om gode lokalsamfunn, sterke utdanningsløp og eit inkluderande arbeidsliv.

1. Sterkare læringsløp og betre overgangar

Eit breitt og relevant utdanningstilbod er avgjerande for at ungdom blir verande i regionen. Det er heilt essensielt å oppretthalde og vidareutvikle dei vidaregåande skulene i Hallingdal med mangfald og relevante studieretningar. Vidare treng me støtte frå fylket for å vidareutvikle desentralisert høgare utdanning og fagskuletilbod. Dette vil styrke kompetanse, reduserer fråfall og dekkje framtidig arbeidskraftsbehov. Regionrådet støttar også arbeidet med betre overgangar og har spesiell forventning til overgangane til og frå VGS.

2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn

For å sikre busetjing og tilflytting må Hallingdal framstå som ein attraktiv bu- og arbeidsregion. Me treng gode og stabile offentlege tenester, eit variert bustadtilbod og med trygge og mangfaldige arbeidsplassar.

Fylkeskommunen bør styrke verkemiddel som støttar lokalt utviklingsarbeid, busetjing og rekruttering i distrikta. Regionrådet for Hallingdal oppmodar fylkeskommunen til å jobbe for fleire fylkeskommunale arbeidsplassar i distrikta eller eit fylkesdistriktssenter som det vart snakka mykje om ved opprettinga av Buskerud.

3. Helsefremmande oppvekstmiljø

Barn og unge må møte trygge og utviklande arenaer. Regionrådet for Hallingdal støttar tiltak som styrkar psykisk og fysisk helse, sikrar tidleg innsats og gode overgangar og utviklar inkluderande fritidstilbod og nærmiljø

4. Inkluderande arbeidsliv

For å sikre deltaking og verdiskaping treng distrikta tett samarbeid mellom næringsliv, utdanning og offentlig sektor og lågterskeltiltak som gir unge, innvandrarar og andre grupper betre tilgang til arbeidslivet

3. OMSTILLING OG VERDISKAPING

Regionrådet for Hallingdal meiner dette er gode tiltak og vil minne om at ein i distrikta treng heilt andre verkemiddel enn i byane for å møte framtidens kompetansebehov, demografiske endringar og omstillingskrav i både offentleg og privat sektor. Ei samla satsing på omstilling og verdiskaping er avgjerande for heile fylket og Regionrådet meiner «nye Buskerud» har vist at dei ønsker å ta tak i dette allereie ved å initiere Menonrapporten, opprette regionalt kompetanseforum osv.

1. Framtidsretta kompetansetilbod

For å sikre rekruttering, nok og rett kompetanse og arbeidsplassar i distrikta meiner Regionrådet at det er viktig å styrke samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar, næringsliv og kommunar og vidareutvikle ordningar for kompetanseheving i distrikta.

2. Innovasjon i offentleg sektor

Regionrådet er einig i at tiltaket er viktig og at større omstillingsevne er viktig for å løyse samfunnsoppdraget. Me trur fylkeskommunen kan stimulere til kommunale innovasjonsprosjekt, men meiner at dette først og fremst må løysast lokalt og regionalt

3. Frå oppstart til vekst

Eit variert og lønsamt næringsliv og ei tydeleg distriktsorientert satsing på kompetanse, innovasjon, næringsutvikling og infrastruktur er avgjerande for robuste distriktsregionar. Hallingdal har tidlegare profittert på Regionrådet næringsretta tilskotsordningar og partnerskapsmidlar. No ser me spesielt fram mot ei regional verktøykasse som blir skissert i planen. Me ønskjer og å spele inn eit eige underkapittel om *jordbruk og skogbruk der potensiale for verdiskaping og bidrag til beredskap blir omtala. Ein bør*

tydeleggjere landbruk som grunnmur for busetting, matsikkerheit og kulturlandskap og vurdere tiltak for teknologiløft i landbruket.

4. NATUR OG KULTURVERDIAR I EIT GENERASJONSPERSPEKTIV

1) Ein besøksattraktiv region

Hallingdal er blant landets mest besøkte fjellregionar, med stort potensial for vidare utvikling av berekraftig reiseliv. Me vil kunne nytte fylkeskommunen og andre instansar sin kompetanse når det gjeld besøksstrategiar som tek vare på naturgrunnet, utvikling av heilårsaktivitetar og tiltak som styrker lokal verdiskaping og arbeidsplassar. Fjellovergane er viktige for samfunnsikkerheit, beredskap, busetting og næringsliv, og er nemnt direkte som fokusområde i gjeldande plan. Fjellkommunane er heilt avhengig av vinterregularitet på fjellovergane.

Me håpar at tiltaket - og den felles verktøykassa kan konkretiserast og settast ut i livet. Hallingdal opplever at Buskerudplanen er innskrenkande når det gjeld spreidd bustadutbygging i distrikt om ein samanliknar med Statlege planretningslinjer. Det håpar me kan justerast i planen.

3) Ei sterkare Buskerud-identitet

Regionrådet for Hallingdal meiner at Buskerud-DNA og fortellinga om Buskerud kan bli vanskeleg å skapa entusiasme rundt, mens Buskerud sin interessepolitiske plattform – det å utvikle felles bodskap og prioriteringar som grunnlag for et samla standpunkt og auka nasjonalt gjennomslag for Buskerud – ja det bør me ha mykje meir av

Som ein region som utgjør nær 40 prosent av Buskerud sitt areal, spelar Hallingdal ei sentral rolle for utviklinga, berekrafta og attraktiviteten i fylket. Skal Buskerud ha levande og livskraftige lokalsamfunn og fjellbygder, trengst ein offensiv distriktspolitikk og eit planverk som tek i bruk sterkare verkemiddel enn i dag. Hallingdal har store naturressursar, viktige kvalitetar og eit breitt handlingsrom for utvikling. For å nytte dette potensialet best mogleg, og for å lukkast med det grønne skiftet – må heile fylket takast i bruk. Det krev rammevilkår som gjer det mogleg å bu, leve, skape og arbeide i fjellregionen heile året. I planen står det at me i fellesskap kan skape attraktive og framtidsretta lokalsamfunn i heile Buskerud. Hallingdal er fjellet i Buskerud og vil gjerne bidra til utviklinga.